

Investeringar økonomiplan 2021 til 2024

Koplingar mellom vedtak om investering i juni og økonomiplanen 2021 til 2024

Med dei rammene for drift som ligg inne i økonomiplanen må fleire investeringar skubbast ut i tid. Med nokre unntak er ikkje investeringar frå 2022 tatt med. Det får vi kome attende til i økonomiplanen 2022 til 2025. Urnefelt er eit tiltak som er kome til etter møtet i juni. Det kjem fram ei eiga sak om dette til kommunestyremøtet i desember.

- Videokonferanseutstyr med 200 000 i 2021 og 400 000 i 2022 er ikkje tatt med.
- Velferdsteknologi med 1 mill.kr årleg i 2021 til 2023 og 500 000 i 2024 er ikkje tatt med, men sektoren er tilført betydelege midlar. Der er ei ramme for investering i 2021 som kjem frå rulleringa av økonomiplanen.
- Digitalisering av GBNR arkiv (byggesak), tiltaket er innarbeidd. Dette er ein føresetnad for elektronisk behandling av byggesaker med eldre dokumentasjon.
- Kyrkje opp gradering – tiltaket er inne. Der er god dokumentasjon på at noverande bruk fører til høg slitasje og skade på bygninga.
- Utviding av Sundgotmarka barnehage. Behovet for utvida kapasitet innanfor barnehagesektoren er ikkje akutt. Der er ikkje behov knytt til asylmottak og dermed ledig kapasitet.
- Vedlikehald og / eller oppgradering av rådhuset. Dette vert det arbeidd vidare med innanfor ei ramme på 0 i nettokostnader. Tiltaket er lagt inn med ein investeringskostand på 12 mill. kr og ei salsinntekt frå eigedom på 12 mill. kr
- Gravplass tiltaket er innarbeidd ut frå dokumentasjon på behovet for gravplass.
- Urnefelt – Dette er ei sak som ikkje var inne i behandlinga av investeringsplan i juni. Saka kjem fram som ei sak til kommunestyret i desember. Når saka likevel vert tatt fram i budsjettet skuldast dette at ei ordning med urnelund kan føre til betre utnytting av eksisterande gravplass, kan redusere behovet for framtidig areal til gravplass. Det som må til for å få ein positiv effekt er at fleire tek i bruk urnenedsetting som eit alternativ til kistegrav.

03.11.2020

Verner Larsen